



Porten til Hardanger! (Foto: Sveinung M. Pile)

Som erstatning for plakaten Velkommen til Sommarbygda Uskedalen skal det lagast ei informasjonsside i sommarutgåva til Kvinnhersmagasinet.

Magasinet skal vera klart til 1. juni og vil bli distribuert i regionen frå Stavanger til Bergen.

På informasjonssida ynskjer Uskedalen Utvikling eit bilete som særkjenner Uskedalen og som kan illustrera slagordet vårt: Uskedalen - porten til Hardanger!

I biletet vert logoen til Uskedalen Utvikling lagt inn saman med ein oversikt over dei mest markerte arrangement denne sommaren.

Alle med gode bilete vert med dette oppmoda om å sende desse til uskedalen.no